



NVE

## Innspel til handsaming av søknad om fornya konsesjon Svelgen I og II

Vi viser til synfaring 24.09.2019 i nedbørsfeltet til kraftverka Svelgen I og II, i samband med at Svelgen kraft AS søker om fornya konsesjon. På synfaringa opna NVE for nye innspel til behandlinga av søknaden. Sogn og Fjordane fylkeskommune har som vassregionstyresmakt følgjande innspel.

Vi viser til fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, jamfør vedtak i Fylkesutvalet sak 82/17, møte 27.09.2017. Punkt 4 i fråsegna lyder:

*Vi stiller oss bak ei gjennomføring av dei føreslåtte tiltaka som Svelgen kraft AS sjølv er positive til å gjennomføre, jf. tabell 12 i saksutgreiinga.*

Eit av tiltaka i Tabell 12 gjeld Avløp Svelgen 2 + 4, og omfattar fiskesperre, jamfør miljørapporten (søknadens vedlegg 8, s. 62):

*Det bør vurderast å etablere ei fiskesperre for å hindre at fisk frå Riseelva blir ståande ved utløpa frå Svelgen-kraftverka. Ei slik sperre kan til dømes etablerast som ei rist med tilstrekkeleg opning slik at større fisk ikkje kan symje gjennom, og bør lokaliserast så langt ut som teknisk mogleg. Vidare bør det innførast reguleringsbestemmelsar på fritidsfisket i utløpa frå Svelgen for å ivareta bestanden i Riseelva.*

Tiltakshavar skriv i søknaden at han ikkje har teke stilling til dette tiltaket, men vil sjå forslaget i samanheng med pågåande prosjekt i Risevatnet og Riseelva.

Vi meiner tiltaket med fiskesperre er viktig for å ivareta sjøaure og laks i den nærliggjande Riseelva. Vi sender innspelet utan politisk behandling, sidan det er ei utdjuping av fråsegna 28.09.2019. Tiltaket vil ikkje ha innverknad på kraftproduksjonen. Det går fram av søknaden avsnitt 3.2.3.2 at utløpet frå Svelgen I og II er tilført vatn frå Førdevassdraget, Skora/Bortneelva og Sjørdalen/Vingevatnet. Vi oppfattar av dette at samla årsavrenning til utløpet i Svelgen er auka i høve naturtilstanden, og vassføringa i utløpet er til ei kvar tid styrt av vasskraftproduksjonen. Dette kan lokke anadrom fisk til utløp Svelgselva / Svelgen I, II og IV, der dei blir ståande utan å finne gyteplassar, i staden for å vandre opp i Riseelva. Svelgen I og II kan på denne måten påverke den økologiske tilstanden i Riseelva. Ein fiskesperre, som hindrar fisken i å vandre inn til utløpet av Svelgselva, Svelgen I og II, vil kunne bidra til at fisken i staden finn vegen til Riseelva. Vi vil difor føreslå at NVE vurderer fiskesperre som aktuelt tiltak i samband med ny konsesjon for Svelgen I og II.

Med helsing

Endre Høgalmen  
assisterande fylkesdirektør for næring

Staffan Hjøhlman  
Koordinator Nordfjord  
vassområde

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar (ar)

NVE

Kopi til: eibj@nve.no